



Kari Veiteberg

Curriculum vitae

Adresse	Husebygrenda 8a, 0378 Oslo
Fødselsdato	0402 1961
Sivil status	Gift, to barn
Utdanning	<p>Dr.theol september 2006. 1995-2000 Fullført dr.gradsutd. ved TF, UiO 1991 v. Mellomfag i teatervitenskap, Inst. for musikk og teater, UiO. 1989 v. Praktisk teologisk eksamen v. Praktisk teologisk Seminar, UiO 1988 h. Cand.theol TF, UiO</p>
Eventuelle faglege publikasjoner	<p><u>Bøker</u> <i>Kunsten å framføre gudstenester. Dåp i Den norske kyrkja.</i> (Acta Theologica nr. 3, Oslo mars 06). <i>Evas Døtrer, Det norske samlaget</i>, Oslo 2001 <i>Bibelens Kvinner, Det norske samlaget</i>, Oslo 1995</p>

Artiklar (utval)

2007: "Å tilrettelegge symbolhandlingar og riter på institusjonar og i kyrkjerom." i Tidsskrift for sjelesorg, nr 2, sidene 103-113.

Ei rekke artiklar om liturgiske i emne i m.a.

i *Kirke og kultur*, 2008 nr. 2, 2006 nr. 4, 1998 nr.3,

i *St.Sunniva*, 3-4 2006, side 223-234

2001: "Powerful and Perfect Signs" i *See How They Love One Another. Rebuilding Community at the base*. Päivi Jussila (ed) LWF-studies 04/02 Geneve 2000, sidene 75-80

1988: "Liturgin som bekännelse" i *Nordisk Ekumenisk Orientering*. Nr. 1, sidene 11-14

1990: "Gled dykk! Ei forteljeteoretisk tilnærming til Lukas 15," I *Nytt norsk kirkeblad*, 43 s

Skrive 1 gong i mnd, til "ukens preken" i *Aftenposten* 1998/99

1996: "Prekestolaltaret som eit teologisk uttrykk" i *Herre, tal din tenar lyder* Rapport frå seminar knytta til 200 års jubileet i Vinje kyrkje, Telemark kyrkjeakademi, sidene 43-53

1990: "Jesus as host and guest" i WSFC-Journal, August, Geneve, sidene 17-19

Arbeidspraksis

Prest

2000 1/6 – 31/1 2005 og 1/2 2006 - . Bymisjonsprest v. Bymisjonssenteret Tøyenkirken , Oslo

2005 1/2 – 31/1 2006 Prest i Emmaus (eitt års vikariat)
1995-2000 Forskningstipendiat i liturgikk ved Det praktisk teologiske seminar, UiO

1997 juli prestevikar i Hasvik prestegjeld

1998 juli 1999 juli vikar for soknepresten i Paulus menighet, Oslo

1992 Ordinert til prest i DnK i Nidarosdomen 12/3

1992-1995 Kapellan i Tempe prestegjeld, Trondheim

1991 - 1992: 10.mnd prestevikar i Oslo bispedømme (Grønland, Fagerborg og Nordberg)

Undervisning

1995-2000 Faglærar i liturgikk v. Det praktisk teologiske seminar, UiO Oslo

1992 Undervisning i Det nye testamentet, ved Institutt for Religionsvitenskap. AVH

1989-1991 ½ og ¼ hjelpearar i Det nye testamentet, ved
TF UiO

Tillitsverv og
engasjement

2004- 2008 Medlem og nestleiar i Nemd for
Gudstjenesteliv (NfG), Dnk
1999-2003 Medlem i NfG
2000- Medlem av Styret i Emmaus
2002 11.-12.mars ekstern sensor for prestar ved
Etterutdanningskurs i
"Elverumsprosjeket".
1995- Medlem i *Societas Liturgica*
1995-1998 Medlem av Nemnd for økumenisk
samarbeid og misjon (NØM)
1997-1989 Nordisk representant i European Comitte
og The Thelogical Workinggroup i Europe
Region, World Student Christian
Federation

Anna

Høsten 2007 medverka eg i etterutdanning av til saman
200 prestar i Uppsala stift om "Dopet". Eg rår over
begge målføre og er god i engelsk og tysk.

Svar frå Kari Veiteberg på spørsmål stilt av Bjørgvin bispedømmeråd.

1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?

- At ho ser seg sjølv som ein del av den heilage, universelle kyrkja.
- At ho vert erfart som ei frigjerande kraft og som gjer Kristus levande.
- At ho vert opplevd som ei open folkekkyrkje som tydeleg er på den svakaste si side.
- At dei som har si teneste i DnK, både som lønna og ulønna medarbeidar, trivest i tenesta og erfarer at dei blir sett, tatt på alvor og at dei får brukt evnene sine.

2. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?

Når Guds ord lyder skjer forkynning og målet for mi forkynning vil vere at menneske reiser seg, får fornya håp og vilje og mot til å følgje i Jesu fotefar. Ei preike er ein del av eit liturgisk forlaup, og heile gudstenesta slik eg ser det, forkynner Guds ord. Eit mål i mi forkynning blir å legge til rette for best mogelege gudstenester.

Forkynning er også ein del av ein større samtale, kor talen/andakten/preika er ein ting, men kor ein anna vesentleg ting m.o.t. forkynning av Guds ord, er sjelesorg, bibelgruppa, dialogen og samtalen. Her er det å lytte, det å sjå stykkevis og delt, det å fordjupe seg og å grunne på grunnteksten, viktige komponentar.

Ei kjerne i mi forkynning handlar om eit hermeneutisk medvit om kontekst og menneskelege erfaringar. Eg er prega av samtalar eg har hatt med menneske frå ulike lag av samfunnet og med ulik erfaringsbakgrunnar.

3. Kva generelle leiareigenskapar har du?

Eg er fokusert og strukturert og eg er ein god møteleiar. Eg er kreativ og idérik. Eg kan lede og inspirere. Eg er god til å lytte meg inn og å lage prioriteringar og arbeidsplanar saman med dei andre i stab og styringsgrupper.

Eg er samvitsfull, direkte og tydeleg, løysingsorientert og eg vil ikkje gøyme på det vonde. Eg er god til å sjå folk, verdsette folk og få fram glimtet i auga til dei rundt meg. Eg er omsorgsfull og ønskjer at folk skal ha det bra. Eg er har ein open agenda, eg er var på makt og er også god til å analysere makt. Eg er teamorientert og kan delegere. Eg kan vegleiie og ønskjer sjølv å ta imot vegleiing.

4. Kva vil du som biskop her i Bjørgvin legge vekt på i rolla som åndeleg leiar?

I Bjørgvin vil eg legge vekt på å vere ei tydeleg, varm og bibeltru stemme som folk kan kjenne seg trygg på og verte glad av.

Eg vil legge vekt på vere ei ryddig og trygg tilsynskvinne. Dei tilsette i kyrkja vil eg møte opent og ivaretakande og eg vonar at vi får til å arbeide fram ein god balanse mellom arbeid og kvile, fornying, kraft og forkynning og teneste. Som åndeleg leiar for kyrkjeleg tilsette ønskjer eg å inspirere, og at ein i stab kan få fram det beste i ein annan.

Som åndeleg leiar i Bjørgvin vil eg framelske det andelege i det kvardagslege. Eg vil syne i framferd og forkynning korleis heimar, bygdefellesskap og kulturliv kan vere stader for bøn og gudsnavær og diakoni. Eg vil arbeide for at kyrkjeromma er opne og tilgjengelige og for at kyrkjelege fellesskap også er det.

5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/åndelege utrustning/nådegåver.

Eg kjenner meg i grunnen som ein trygg, sjølvstendig og kreativ prest og teolog. Samarbeidsevna er god.

Eg er blid og har evne til inspirere. Eg har lett for å komme i kontakt med folk, eg hugsar folk, og eg er glad i folk. Eg er fagleg flink. Eg er god i einskildsamtalet og god til å halde foredrag. Eg er ein god liturg og forkynnar. Eg har arbeidd mykje med gudstenesta og er særleg god på gudstenestearbeid. Eg er god til å få fram det beste i eit team.

6. Nemn døme på situasjonar/saker/arenaer der du opplever å ha lukkast som kommunikator.

- I fengsel, i rusmiljø og på gata. - I ulike kyrkjer der eg har vore prest. - Gjennom gudstenester og andaktar på radio og fjernsyn. - I Nemnd for Gudstenesteliv. - Gjennom foredrag på Universitetet, - I dåpsopplæringsprogrammet i Uppsala stift, - Som foredragshaldar på prestekonferansar i inn og utland. - om forfattar av "Bibelens Kvinner", "Evas Døtre" og ulike artiklar og gjennom Dr.gradsavhandlinga "Kunsten og framføre gudstenester."

**7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsordenen i kyrkja.
Nemn dei sakene du sjølv synest er mest avgjerande, og kva syn du har i desse sakene.**

Eg synes at kyrkja skal engasjere seg i miljø og rettferdig fordeling av goder. Det handlar om skaparverket og kva det vil seie å vere ein kristen. Eg vil vere med å fremje ein nøktern livsstil.

Eg vil vere med på å sette sokelyset der menneskeverdet er trua, og i Noreg gjeld det særleg i forhold til eldre i eldremomsorg, og i barn og unge sine oppvekstvilkår. Eg har eit syn på dei eldre og på barn og unge som tilseier at saman med desse skal kyrkja vere og bygge fellesskap, seie femnande ord og gjere gode handlingar.

Religionsdialog er naudsynt både i Bjørgvin og i verda. Eg vil arbeide for ein open og lyttande dialog som kan føre oss nærmare kvarandre, i ei gjensidig læring.

DnK arbeider med forholdet mellom kyrkje og stat og eg vil vere med på å fremje ei kyrkje som framleis er folkekirkje og sjølvstyrt uavhengig av staten.

Eg har vore involvert i fornying av gudstenestelivet og eg er glad for reforma og eg vil arbeide for, og vere engasjert i, at implementeringa vert opplevd som noko fint.